

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Øyvind Strømmen (MDG) sette på vegne av MDG, Ap, Sp, SV og V slikt forslag:

«Alternativt punkt 1:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at klaga frå Voss herad som gjeld tilskot til verna kulturminne 2020 gjev grunnlag for å endra det tidlegare vedtaket. Utvalet vil likevel peika på at det har vore utfordringar i kommunikasjonen mellom heradet og fylkeskommunen.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag

«Alternativ:

KULLII gir klagar medhald i klagen»

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering vart vedteke med 13 røyster (A, U, Frp, H, MDG, Sp, SV, V og R) mot 2 røyster (FNB og Pp) for Andersen sitt forslag.

Strømmen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (H).

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at klagen frå Voss herad som gjeld tilskot til verna kulturminne 2020 gir grunnlag for å endre det tidlegare vedtaket. Utvalet vil likevel peika på at det har vore utfordringar i kommunikasjonen mellom heradet og fylkeskommunen

2. Hovudutvalet tek ikkje klaga frå Voss herad til følgje, då fylkeskommunen ikkje har motteke søknad om tilskot til verna kulturminne innan frist eller motteke noko søknad etter fristutsetjing.

3. Hovudutvalet oppmodar Voss herad til å gå dialog med heradet sine søkjarar om tilskot til verna kulturminne og ta aktuelle søknadar frå 2020 med i søknaden for tilskotsordninga i 2021.